



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

September/Oktober 1976

30. årg.

### *Det er ei død i Jesu kristi rike*

Mel.: Tenk når engang . . .

*Der er ei død i Jesu Kristi rike  
der hersker livet i sin stråleprakt.  
Fra dødens lande Jesu venner stige  
til livsens land, ved Jesu seiers makt*

*Det er ei død å gå når Jesus kaller  
til Paradis, til Sions bergetopp.  
Det er ei død om støvets hytte faller  
mens sjelen fri til Gud seg svinger opp*

*Let er ei død å gå ved Jesu side  
igjennem dødens dype, mørke vann  
Det er ei død i dødens natt å stride  
Det er ei død å gå til livets land.*

*Anders Vaksdal*

(Skrevet ved en ung kvinnes død ca. 1913)



Det var djup sorg og sår kjensla av saknad som fylte sinn og tanke hjå mange då bodskapen kom at Lillemor Faugstad var død. Ho sovna fredfullt inn 8. september, 40 år gamal. Lillemor var mykje aktiv i alt kristeleg arbeid. Hjartebarnet hennar var vel søndagsskulen, men speidararbeidet og indre og ytre misjon hadde ho og tid og hjarta for. Ho var med i Hordaland kretsstyre både i søndagsskulen og speidararbeidet. Ein periode var ho og med i soknerådet i Vaksdal sokn.

Me ynskjer og ber om at andre må stiga inn i hennar plass i arbeidet, og lyser fred over hennar minne.

## Eit Brev til barna;

### KJÆRE BARN!

Dette er eit brev til alle barna som får dette bladet. I dag vil eg fortelje deg noko som er interessant: Her på prestekontoret har vi mange store bøker. Og i ei av desse bøkene står namnet og fødselsdagen din. Ja det står meir og, det står namnet på foreldra dine. Dette vart skrive inn då du vart døypt. Sei meg, er det lenge sidan du var i kyrkja di, ja eg seier kyrkja di, for den kyrkja du vart døypt i, det er di kyrkja. Tenk på det.

Når det er gudsteneste i kyrkja, er det veldig gildt å sjå mange born i kyrkja. Nokon er små, og sit saman med foreldra, andre er større og sit gjerne langt framme, for då ser dei so mykje betre. Det er mange som

seier når dei vert vaksne og gamle at dei hugsa godt at dei var med mor og far i kyrkja då dei var små, og dette er blitt nokon av deira kjæraste barneminner. Det er sume born som mest aldri går i kyrkja, ja dei veit visst ikkje riktig kva ei kyrkja er. Dei trur det er berre eit stort framant hus.

Men her skal du høyra: Ei kyrkja er mykje meir enn eit hus. Ei kyrkja er ein heim, og det er mykje meir. I heimen er mor og far og syskin. I heimen din kan du gå ut og inn som du sjølv vil, for det er din heim. Har du vore lenge ute, og er både svolten og trøyt, då er det svært godt å koma heim. Der får du mat og drikke, der kan du varma deg om du frys, og der er du trygg. Ingen framande kan koma inn i heimen din

For deg som er døypt, er kyrkja på ein måte heimen din. I denne heimen er Gud vår far, og Jesus er vår bror, og me, du? — me er alle born i denne heimen. I heimen vår snakkar me med mor og far. Det gjer me og i den heimen som kyrkja er. Korleis det då? Jau, når me ber, so talar me med Gud. — Ja, men kan han tala til oss og? Ja, når me høyrrer Guds ord, då er det Gud og Jesus som talar til oss.

Difor, kjære barn: Gløym aldri å be kveldsbøn, for då snakkar du med Jesus. Og her skal du høyra noko Jesus seier til oss. Han seier: «De born, lyd foreldra dykkar i alle ting, for det er til hugnad for Herren». Og ein annan stad seier han at når me gjer det, so skal det gå oss vel og me skal levå lenge i landet.

Velkomen til kyrkja, og få andre born med deg og.

*Helting, frå presten!*

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 723 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## 100 års jubileum

Stamnes kvinneforening for Det Norske Misjonsselskap feira 100 års jubileum 11.—12. september 1976. So vidt vi veit er dette den eldste misjonsforening i Vaksdal prestegjeld. Intéressa for misjonen vart vakt i 1860-70 åra ved prestar og lærarar. Alt i 1870 var det innsamling til misjonen. Og i 1876 skipa dei to kvinnene, Marta Vikehagen og Anna Kolbeinsen, den første kvinneforening. Frå den tida og til idag, har det alltid vore interesse, og gaver til misjonen, ver årlege basarar og innsamlingar.

I skipingsåret var det ei forening, og innkoma var kr. 20,25. Ved 100 årsjubileet var det 5 kvinneforeningar og ei barneforening, og innkoma til misjonen siste året var kr. 14.000,—.

Laurdag 11. var det stor fest i Stamnes Bedehus, og søndag 12. var det misjons- og familiegudsteneste i Stamnes kyrkja. Misjonsprest Trygve Sandvik var tilreisande talar frå Stavanger. Gripande var det å sjå kor godt Stamnesfolket slutta opp om ju-

bileet, store og små hadde sin del av programmet, og gjekk rundt altaret med sine gåver til misjonsarbeidet.

Elden som vart tent for 100 år sidan, er ikkje slokna, den brenn vidare, og den elden vil både lysa opp og varma idag, og i tider som kjem.

## «Mi Kyrkjebok»

«Mi Kyrkjebok» er ei lita vakker bok som er spesielt laga for born på 4-5 år. I år ynskjer me at alle born som har sin 4 års dåpsdag dette året, skal få denne boka som ei gåve frå kyrkjelyden der barnet er døypt.

Men, fire-åringar kan då ikkje lese! — Nei det er rett, men dei kan sjå bileter, og dei kan forstå bileter når nokon fortel. Det er vårt ynskje at du skal ta deg tid med fire-åringen og fortelja frå boka, og læra barnet å syngje dei vakre barnesongane du finn der. I boka får du hjelp til å læra dei små å be kveldbøn.

Når barnet er fire år, er det stort nok til å gå på søndagsskulen. Hjelp det til det.

Denne boka vil hjelpa foreldre til å oppdra barnet i tru og gudlegdom, so det «må verta verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det ved dåpen er innpota i han». Det var det de lova då de bar barnet til dåpen, og denne vesle boka vil hjelpa foreldra til å halda den lovnaden.

Må Gud ta hand om dei små i kyrkjelydane våre!

*Lars Bjørsvik.*



## Noko om dåp

Det naturlege er at eit barn vert døypt i den kyrkjelyden der ein er busett. Av ulike grunnar kan det likevel vera eit ynskje å få barnet døypt i ein annan kyrkjelyd. Oftast er det utflyttarar som kjem attende til den staden ein har vakse opp og der meste parten av familien er busett. Det kan nemnast at i fjor var 1/3 av dei døypte i Vaksdal kyrkje annan stad frå, og til no i år nærare det halve (7 av 16). Ein vil her gjera merksam på at i slike høve må det takast med fødselsattest frå prestekontoret på heimstaden. Attest frå sjukehuset gjev ikkje dei nødvendige opplysningar ein treng for kyrkjebøkene og til å skriva ut dåpsattest.

Me vil elles nemna at innmelding til dåp bør skje på prestekontoret i god tid før dåpsdagen. Presten vil gjerne orientere foreldra om dåps-handlinga, og dessutan registrere dei nødvendige opplysningane. Prestane skjønar at avstandane i prestegjeldet kan gjera eit frammøte på prestekontoret vanskeleg og at det må for sume ordnast på anna vis.

## Organist Lars Ragnvaldsen

byrja som organist i Dale og Bergsdalen kyrkje frå 1. september. Han hadde si første høgmessegudsteneste i Dale kyrkje den 5. septbr. Soknepresten las tilsetjingsbrev frå Bjørgvin Bispedømeråd, og ynskte Ragnvaldsen hjarteleg velkomen tilbake til Dale. Til opning denne dagen spela Ragnvaldsen eit vakkert musikk-stykke som han sjølv har komponert.

## Utsending til det kyrkjelege landsmøtet

Til det friviljuge kyrkjelege landsmøte som skal vera i Osla 28.-30. oktober 1976 valde bispedømmerådet i Bjørgvin 14. utsendingar frå lekfolket og 7 frå prestane i bispedøme. Mellom dei 14 var Edith Faugstad, frå Vaksdal

## Eldrekos

i prestebustaden på Vaksdal for hausten er sett opp til fylgjande torsdager: 23. sept., 21. okt. 18. nov. og 16. des. Det er kl. 16.00 som vanleg og treng ein skyss vil ein hjelpa til med det om det trengs. Det er endå plass til fleire.

## Konfirmantromet

i Vaksdal kyrkje er ikkje til å kjenna att. Med Arvid Tolås i brodden er det laga nye sofabenker, bord og eit stort flott skap. Det er planar å gjera endå meir ut av romet, for å kunne få det så triveleg som mogeleg for dei unge som nyttar det og for dei som elles nyttar det. Eit sagn har vorë eit *piano*. Dette ikkje finst for ungdomskoret som treng det til øvingane sine og når dei syng i kyrkja. Dei er nå gått aktivt inn for å skaffa pengar til dette, og har eit stort ynskje om at det skal lukkast allereide til aksjonen. Ein slepp då bera piano til kyrkja som det har vore gjort fleire gonger før.

Me vonar kyrkjelyden ser nytta av eit piano som kan nyttast både i konfirmantromet og kyrkja og er med og gjer eit lyft for dette positive tiltak.

## DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co

Tlf. 2193 — Dalekvam

## Week-end på Kvamshaug

Ungdomen i Vaksdal prestegjeld har allreide gått saman om fleire samlingar som det har vore slutta godt opp om. Ein av desse var week-enden på Kvamshaug i januar. Det vart straks lagt planar om ein ny og 1.-3. okt. vonar ein på ein ny fin week-end på same staden. Det har ikkje minst å seia for ungdomskora å samlast. Er du over 14 år (7. kl.) kan du verta med om det er plassar att. Pris kr. 100 medrekna buss opp og ned.

## Steinar Ihle til Vaksdal

«Er ein kristen når ein går i kyrkja» spurde ein gymnasiast på Voss religionslæraren sin. Det var vel ikkje berre vankunna som låg bak spørsmålet. Svaret kom kjapt: «Like lite som ein mopèd er ein bil om han står i ein garasje.» Religionslæraren var presten Steinar Ihle som vel skulle vera kjend for å gje svar som treff og tala så ein skjønar.

Han vert i år med ved aksjonsveka i Vaksdal kyrkje saman med dr. John Livden og sokneprest Astor Kvistad. Me vonar også i år at kyrkjelyden sluttar opp om aksjonen så den glade budskapet kan nå enda lenger ut. Stamnes damekor og Samnanger Ungdomskor vert også i år med saman med songkreftene på Vaksdal.

## Aksjonsveka i Vaksdal Kyrkje

5. — 10. oktober:

Tysdag 5. okt. kl. 19.30:  
Dr. John Livden talar og syng

Onsdag 6. okt. kl. 19.30:  
Dr. John Livden. Song: John Livden og kyrkjekoret på Vaksdal

Torsdag 7. okt. kl. 19.30:  
Sokneprest Steinar Ihle. Song: Samnanger ungd.kor, Vaksdal ungd.kor.

Fredag 8. okt. kl. 17.00:  
Barnemøte  
Kl. 19.30:

Sokneprest Steinar Ihle  
Song: Stamnes damekor.

Sundag 10. okt. kl. 11.00:  
Familiegudsteneste. Res.kap. Steinnes.  
Song: Barn.  
Kl. 18.00:

Sokneprest Astor Kvistad.  
Kyrkjekoret på Vaksdal. Kollekt.

Bøn 1/2 time før kvart møte.  
Skyss 15. min. før kvart møte frå: Stavenes, Boge, Sedalen, Fossmark og Skreiavegen.

## Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET  
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

## Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Tor-Arne Fotland, fødd 5. juni 1976, døypt 25. juli.

Jostein Hope, fødd 1. juli 1976, døypt 15. august, i Arna Kyrkje.

Eirin Skaftun, fødd 24. mars 1976, døypt 11. juli, i Vaksdal kyrkje.

#### VAKSDAL:

Aina Røsseland, fødd 25. april 1976, døypt 27. juni, i Adland, Samnanger.

Chriss Martin Hamilton Barrie, fødd 29. juni 1976, døypt 5. september.

#### STAMNES:

Andre Vatile Lilletvedt, fødd 14. mai 1976, døypt 18. juli.

Britt Arlen Lilletvedt Aas, fødd 6. juni 1976, døypt 18. juli.

Lisbeth Hvidsten, fødd 13. juni 1976, døypt 15. august.

Kjetil Hjelm, fødd 18. juni 1976, døypt 15. august.

### VIGDE:

#### BERGSDALEN:

Lars Yngve Gjuvsland, og Jane Olaus Pettersen. Vigde i Bergsdalen kyrkje 14. august.

#### DALE:

Rune Langhelle og Anne Jorunn Johansen, vigde i Dale kyrkje 21. aug.

Hausvik og Faugstad  $\frac{1}{2}$

Vaksdal

Telefon 3603.

### STAMNES:

Sture Olsen-Lie og Svanhild Lunde, vigde 10. juli.

Kjell Magne Bekkenes og Bente Marion Straume, vigde 17. juli.

Rolf Dyvik og Jorunn Elise Wolff, vigde 21. august.

### AVLIDNE:

#### BERGSDALEN:

Anders S. Skjerven, fødd 28. mars 1884, døydd 6. juli 1976, gravlagd 10. juli, i Bergsdalen.

#### DALE:

Viggo Kristian Sandvik, fødd 10. juli 1920, døydd 31. juli 1976, gravlagd 7. august.

Finn Petersen, fødd 27. mars 1916, døydd 22. august 1976, gravlagd 28. august.

Evelyn Harriet Ramstad, fødd 5. februar 1929, døydd 18. juli 1976, gravlagd 23. juli.

Anna J. Fossmark, fødd 16. juli 1884, døydd 20. juli 1976, gravlagd 27. juli.

Sigrid H. Stanghelle, fødd 7. juli 1896, døydd 23. august 1976, gravlagd 27. august.

#### VAKSDAL:

Bernhard S. Olsnes, fødd 30. november 1889, døydd 6. juli 1976, gravlagd 9. juli.

Christian Hambro Vaksdal, fødd 15. juli 1903, døydd 1. august 1976, gravlagd 7. august.

Sigrid Langhelle, fødd 16. februar 1905, døydd 4. september, gravlagd 10. september.

Angelique Sofie (Lillemor) Faugstad, fødd 7. desember 1935, døydd 9. september 1976, gravlagd 14. septbr.

#### STAMNES:

Ole K. Kvamme, fødd 23. august

RANSAKA MEG, GUD, OG KJENN  
MITT HJARTA! PRØV MEG OG  
KJENN MINE TANKAR, OG SJÅ  
OM EG ER PÅ FORTAPINGSVEG,  
OG LEID MEG PÅ DEN ÆVELEGE  
VEGEN!

SALME 139: 23-24.

1903, døydd 28. mai 1976, gravlagd 4. juni 1976.

Arthur Hagen, fødd 27. juni 1912, døydd 28. juli 1976, gravlagd 4. aug.

#### EIDSLAND:

Erling Nesse, fødd 4. januar 1908, døydd 1. august 1976, gravlagd 6. aug.

#### NESHEIM:

Andreas Trefall, fødd 22. januar 1895, døydd 21. juli 1976, gravlagd 28. juli.

#### EKSINGEDALEN:

Frida Brekke Haugen, fødd 27. november 1897, døydd 26. juli 1976, gravlagd 31. juli.

Ragna Blindheim, fødd 18. januar 1891, døydd 19. august 1976, gravlagd 26. august.

## Velkomen til Kyrkja

### 15. søndag etter Trieining, 26. septbr.:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Presentasjon av konfirmantar. Nattverd.

Eidslandet Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Presentasjon av konfirmantar, og utdeling av «Mi Kyrkjebok».

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Finn Wiig Sjørusen. Offer til Norsk Lærarakademi.

Stamnes Kyrkje kl. 18.00. Finn Wiig Sjørusen. Offer til Norsk Lærarakademi.

### 16. søndag etter Trieining, 3. oktbr.:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Konfirmantane vert presentert. Nattverd.  
Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til M.F. Nattverd.

### 17. søndag etter Trieining, 10. oktbr.:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Utdeling av «Mi Kyrkjebok» til barn. Offer til Soknerådsarbeidet.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Offer til Kristelig Student og Skuleungdomslag.

### 18. søndag etter Trieining, 17. oktbr.:

Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Eidsland Kapell kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

### 19. søndag etter Trieining, 24. oktbr.:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

### Bots og Bededag, 31. oktbr.:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes.

### Helgemess søndag, 7. novbr.:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Norsk Lærarakademi.

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til soknerådsarbeidet.

### 22. søndag etter Trieining, 14. novbr.:

Eidsland Kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Bergsdalen kl. 17.00. Sokneprest Bjørsvik.

Offer til Soknerådsarbeidet.

Eksingedalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til soknerådsarbeidet.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker



**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

**DALE, Tlf. 2421**      Frå      Til  
Måndag, Tysdag. Onsdag og Fredag .. 8.30      15.00  
Torsdag . . . . . 10.00      17.30

**VAKSDAL, Tlf. 3605**  
Tysdag og Fredag 8.30      15.00  
Torsdag . . . . . 10.00      17.30

**STAMNES, Tlf. 3 a**  
Måndag      frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag**  
**STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening**  
**Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTIS**  
SKOFORRETNING

**Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN**  $\frac{A}{S}$

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad.

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN**  $\frac{A}{S}$

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Arth. og Arne Vaksdal**  
**HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning